



Frå: Naturvernforbundet i Kvam
Oddvar Soldal
Kyrhagen 32, 5610 Øystese

Øystese, 25.11. 2010

Til Kvam herad
Grovagjelet 16
5600 Norheimsund

Merknader til utkast til reguleringsplan FV 7 Skarpasvingen – Øystese aust

Naturvernforbundet i Kvam vil framleis peika på at det er svært uheldig at det vert starta med utfylling av tunellmassar på Stronde før framlegget til reguleringsplan er sendt ut til handsaming. Det er bra at det er utarbeidd ein stadanalyse, men eit slikt utkast får ikkje den same demokratiske handsaminga som ein reguleringsplan.

I stadanalysen har det nye området på Stronde har fått ei svært ”firkanta” utforming som skil seg sterkt ut frå dei naturlege strandformene. Naturvernforbundet vil gjerne ha ”mjukare” strand med vikar og bukter. Me vonar også at meir av den naturlege fjøra mot sentrumvert teke vare på. Det kan gjera området til eit meir attraktivt buområde. Den vesle båthamna midt på kan med fordel flyttast austover og leggjast i utkanten av fyllinga. Det vil føra til mindre lokal båttrafikk.

Naturvernforbundet ser at området kan verta eit attraktivt buområde, med god utnytting. Likevel meiner me at husa vert for høge. Dei må reduserast med minst ei høgd. Når så mange bueiiningar vert planlagt under eitt, er det naturleg å planleggja med høg energiøkonomisering og ha fjorden som kjelde for oppvarming. Om det er mogeleg må slike krav med i reguleringsføresegnene.

I det vidare arbeidet med planen må det takast omsyn til dei naturverdiane som finst i området. Det gjeld mellom anna å ta vare på karakteristisk og stadeigen vegetasjon. Som nemnt er den naturlege stradsone ein svært viktig naturtype som er viktig å ta mykje omsyn til i og nær tettbygde strøk.

Når det gjeld sjølve fylkesveg 7 meiner Naturvernforbundet at det må greiast ut ein realistisk kostnads- og trafikkanalyse for ein tunell, slik det vart nemnt på folkemøtet i Øystese

Naturvernforbundet i Kvam

Oddvar Soldal, leiar